



Årsmelding Hjelmås mannskor 2014

Året 2014 har vore nok eit år med mykje god aktivitet i Hjelmås mannskor. Koret har rotfesta seg i Nordhordland som eit kor med stor spennvidde og godt miljø. Koret er etterspurd som underheldar og deltaking i arrangement har gitt gode tilbakemeldingar gjennom heile året. Særskilt kan nemnast at deltaking i Koriaden åra før, med dei premiar vi har fått, har gitt oss eit kvalitetsstempel folk har lagt merke til, og vi kan vere stolte av.

Aktivitet 2014:

		Konsertar	Samlingar
7. januar	Nyttårskonsert Såtabu og Knarvik Sjukeheim	1	
1. februar	10-års jubileumsfest for Hjelmås mannskor i Strilatun	1	
21. februar	Veteranklubben STATOIL Mongstad på Natås grendahus	1	
11. mars	Årsmøte		1
8. april	Korkafe Fammestad	1	
10. april	Konsert i Fyllingsdalen med Teletonen	1	
17. mai	Opptreden Leiknes skule	1	
2. juni	Ekstraøving jubileumskonsert Knarvik		1
4. juni	200-års jubileumskonsert i Knarvik	1	
10. juni	Samling utan dirigent - kakefest og film jubileumskonsert		1
14. juni	Ekneskaaien	1	
1. september	Ekstraordinært årsmøte		1
12. september	Kulturnatt i Bergen på DS Oster	1	
23. september	Korkafe Austrheim	1	
25. oktober	Vennersfest med Kor e resten	1	
8. november	Farsdagslotteri		1
22. november	Adventsfest i Kapellet	1	
29. november	Servering H Sandvik jubileum		1
30. november	Adventskonsert med Blåsen i Kapellet	1	
5. desember	Kirkekonsert Knarvik kirke	1	
9. desember	Juleavslutning Eknes karrosseri		1
		14	7
	Øvingar våren 2014 - januar til juni	16	
	Øvingar hausten 2014 - august til desember	13	
		29	

Det er mykje som kan seiast om kvar og ein av framføringane koret har hatt. Med fare for å nemne nokre og utelate nokre så er det alltid spesielle punkt i høve aktiviteten for kvart år. Her kan nemnast:



- Jubileumsfesten for 10-årsmarkeringa til koret (2013) blei lagt til 1 feb 2014. Dette var eit flott arrangement med nærare 150 til bords i festpynta Strilatun. All honnør til arrangementskomiteen.
- Hjelmås Mannskor fekk det ærefulle oppdraget å vere det einaste koret i Lindås kommune si offisielle markering av Noregs 200-års jubileum 4 juni. I samarbeid med Lindås kulturskule blei det satt opp ein maraton-framsyning kor det heile blei avslutta med urframføring av komponist Johan Modahl Kleiva sitt verk «Finale 1814-2014». Ei stor oppleving for Hjelmås Mannskor.
- Opninga av Knarvik kyrkje i desember var ein verdig avslutning for kor-året 2014.

Medlemar i Hjelmås Mannskor

Ein ser at fleire kor i regionen har vanskar med å få nok stemmer til å fylle koret. Hjelmås Mannskor har hatt ein stabil medlemsmasse over fleire år, med ei medlemsauke dei siste tre åra. Medlemane set pris på det uformelle korengasjementet og det gode humøret som er i koret. Eit viktig moment er at koret har ambisjonsnivå som gjer at alle kan vere med, med den tid og det engasjement kvar einskild har til rådvelde.

Koret hadde ved årsstart 2014 - 23 medlemmar.

Koret hadde ved årsslutt 2014 - 28 medlemmar.

Styret

Styret har vore samansett slik:

Leiar: Per Ole Ekker

Kasserar: Arvid Leiknes

Nestleiar: Reidar Manger

Skrivar: Ove Bjarne Hindenes

Dirigent Åse Hagesæter